

INVITASJON

Utvalde kulturlandskap og verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjordområde (Nærøyfjorden)

INVITASJON

Utvalde kulturlandskap og
verdsarvområdet Vestnorsk Fjordlandskap - Nærøyfjordområde (Nærøyfjorden)

3.-4. juni i Lærdal

Start: 3. juni kl 11:00 **Slutt:** 4. juni kl 14:00

NB! 3. juni ope for alle - 4. juni for forvaltninga!

[PÅMELDING I DENNE LENKEN - vilkår:](#)

- FRIST 20. mai
- arrangørane dekkjer overnatting, mat og arrangement.

Fordelingsnøkkel for påmelding frå kvart UKL/VA-område/kommune:

- 2 frå forvaltninga
- 3 frå gardane eller frivillige org./samarbeidsgruppe.
- Overnatting: dei som har lenger heimreiseveg enn 1,5 time frå Lærdal blir prioriterte for overnatting. Unntak: Dersom du skal delta dagen etterpå, på dagen for forvaltning, kan du du få godkjent overnatting.



PROGRAM

3. juni – Praktisk skjøtselsarbeid i kulturlandskapet

Ein ettermiddag og kveld som er tilrettelagt for deg som driv eit kulturlandskap i praksis og kva for teknologi som kan gjere skjøtselsarbeidet enklare og meir interessant.

Busstur med tre ulike stopp mellom Lærdalsøyri og Borgund stavkyrkje. Vertskap på bussen; Leiar av ÅLA-landbrukskontor Magnhild Aspevik, Inga Lindstrøm, Vestland fylkeskommune.

11.00 – oppmøte ved Lærdal rådhus. Utdeling av nistepakke og drikke.

12:00 - MOLDEBAKKANE

- Ivar Molde fortel om praktisk skjøtselsarbeid på Moldebakkane
- Slåttetidspunkt og biologisk mangfald - praktisk bruk av app'ar for artsbestemming v/Johannes Aanonby , Statsforvaltaren i Vestland
- Utstyrsdemo av slåtteutstyr frå [Lauvrud Maskin](#) - for små og bratte slåtteteigar

15.00 – RÅSHAGEN

- Petter Raa fortel om praktisk skjøtselsarbeid i Råshagen
- Tradisjonell gjerdning og Nofence – kva er best kor ? Marta Karoline Jansen, Lærdal, delar erfaringar

16:30 – Husum

[Husum hotell](#) - middag

Inga Lindstrøm fortel om kulturminnearbeid i UKL-Lærdal på bussen tilbake.

18:00 - avreise Husum, innsjekk Lærdal Hotell/Lindstrøm hotell

19:30-22:00 Lærdal kulturhus

- **Velkomen** - Liv Signe Navarsete, Statsforvaltar i Vestland (*ikkje stadfesta*)

- **Oskar Puschmann – Om verdien og gleda av fotografi frå kulturlandskap gjennom historia, med biletserie frå UKL Lærdal.**

21:15 Tonar frå landskap. Konsert med dei lokale folkemusikarane [Liv Ulvik](#) (song), [Tom Karlsrud](#) (trekkspel), [Silje Hegg](#) (seljefløyte, song). Dei er alle profesjonelle folkemusikarar og spelar solokonsertar eller opptrer i samspel i ulike band og forestillingar. Me gler oss til denne finstemte konserten.

Overnatting Lærdal hotel eller Lindstrøm hotel

4. juni – Besøksforvaltning og nettverksbygging

Eit godt nettverk mellom dei ulike kommunane og deira forvaltningspraksis av dei utvalde kulturlandskapa samt verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjordområde (i Nærøyfjorden) er temaet denne formiddagen. Programmet er tilrettelagt for kommunal forvaltning og prosjektleiarar.

08:30 – Lærdal hotell

Besøksforvaltning og kommunikasjon:

- Praktisk besøksforvaltning i eit kulturlandskap v/Bengt Erlend Skjerdal frå Nærøyfjorden Verdsarvpark (Verdsarvparken Nærøyfjorden)
- Kommunikasjon og oppleving av Kongevegen v/ Odd Helge Brugrand

10:00

Diskusjon og deling av erfaringer mellom UKL-områdene - Kafebord-dialog med ulike tema, som er meldt inn på førehand.

12:30 oppsummering og avslutning

13:00-14:00 Lunsj



Med atterhald om endringar i programmet

Deltakarane må dekke reiseutgiftene sjølve – program, overnatting og mat blir betalt av arrangørane.

Arrangør: Statsforvaltaren i Vestland i nært samarbeid med Felles landbrukskontor ÅLA (Årdal, Lærdal og Aurland kommune), Verdsarvparken Nærøyfjorden, Verneområdeforvaltninga i Nærøyfjorden